

Norge ser på som banalt. Ikkje slå, ikkje stel, vær snill med foreldra dine. Når eg skriv dette, så slår det meg at det kanskje ikkje er so banalt i Norge heller lenger...

Eg har aldri i heile mitt liv følt meg så verdsatt som det eg gjer her nede. Ungane fortell at dei er glad i meg kvar dag, eg har til og med fått ein kjærast her nede. Han er ni år og skulle gifte seg med meg når han vart vaksen... Ja ja, eg får vel heller vente nokre år då, viss eg skal vente på han. Eg er ikkje så brått sikker på om han eg har heime er samd i dette då, men...

Slummen

Sjølvsagt om eg arbeider i slummen, på prosjektet, så synst eg det måtte vere eit eige punkt dette med slummen. Det fortener verkeleg det synst eg. Slummen var for meg – ja – eit overveldande syn. Første gong vi køyrte gjennom den fekk eg ei skikkeleg aha-oppleving. Ein ting er å tru det, ein anna ting er å sjå det. Alt stemte, alle mine forutinntatte tankar. Det var grått, det var skittent og det var tørt. Musikken slo mot oss med eit vanvittig volum, den mest valdsamme fest heime i Norge ville bli pinglete i forhold. For ikkje å snakke om naboklagene som ville komme. Her derimot, verkar det heller som dei prøvar å overdøye kvarandre. Uante mengder lausbikkjer (kven var det som sa det var unødvendig med rabies-vaksina?) og for ikkje å snakke om ungene. Det var ungar overalt, i gata, bak hushjørna, mellom bilane, under bilane, på fotballbana, i husa, på barane, overalt. Sjølve husstandarden der var og noko som gjorde sterkt inntrykk. Eg kjem då frå det eg vil kalle ein normal norsk heim, og eg kunne ikkje drøymt om å hatt dyr eingong i desse husa dei bur i. Det er i all hovudsak berre rønner dei bur i. Treverk og papp er ofte bygningsmateriale, men også mur og plastikk er brukt av dei som har mest pengar... «Husa» er ofte innreidd med eit rom der all aktivitet foregår. TV er det *alle* som har, uansett kor lite pengar dei har, seng kan det ofte vere verre med. Likeeins innlagt toalett, reint vatn, moglegheit for matlaging osv. Tenk det du, å prioritere fjernsyn framfor seng, reint vatn og komfyr. Mange heimar eg har vore inne i har primus, men dei fattigaste må fyre opp bål for å få både varmen i seg og i maten. For, det er kaldt i Brasil også. Natte tid kan temperaturen krype ned i 6 grader, og då er det *kaldt* å skule sove i slummen.

Det mest overraskande med slummen for min del er – ja, orsak at eg sei det – at det verkar som om folk har gitt opp. «Gidd ikkje, orkar ikkje, kvifor skal eg greie å komme meg vekk herifrå.» Arbeidslausheita er enorm, men likevel har eg opplevd at eg må gå til vaksne menneske og «true» dei til å vaske kledda til borna sine. Det er ganske overveldande i grunn.. Her har ein *ingenting* å ta seg til med, gjer aldeles ingenting i løpet av heile veka, men å vaske skulekledda til son

sin, det orkar dei aldeles ikkje. Men, jau då, eg fattar den vonde sirkelen, eg fattar kvifor det er slik, men å sjå det er likevel frustrerende.

So kjem den mest trasige delen av slumlivet. Nemlig min naivitet i forhold til tryggleik, fare, narkotika, prostitusjon og mord. Min naivitet har nemleg vore total. Eg har følt meg fullstendig trygg i slummen. Eg har herja, leika, spelt fotball, vore på heimebesøk, helsa på ukjente menn / gutar, og aldri tenkt tanken på at det har vore farleg. Det er kanskje ungene som har blenda meg sånn, men eg har rett og slett ikkje greidd å sjå at dei er framtidige narkomane, voldtektsmenn, prostituerte og narko-langarar. Ei heller at foreldra deira som faktisk er alt det eg har nemnt no skal vere det.

Det toppa seg her nede i første veke då det skjedde eit drap på fotballbana der ungene brukar å leike. Men, la meg ta heile historia; I fjor, etter ei av dei utallige valdtektene som skjer i slummen, vart valdtektofferet drepen. Guten, som ikkje var

meir enn 16 år, vart aldri tatt til politivhøyr, aldri anklaga. Han gjekk fri, slik som så alt for mange i slummen gjer. Likevel, den indre justis er hard, men det avhenger dessverre av kva gjeng du tilhøyrer. Søskenbarnet til jenta som vart drepen sat på den tida i fengsel, han var 17 år, og svor til alt og alle at så fort han kom ut av fengsel, skulle han drepe dei som drap søskenbarnet hans. Det vil eg for min del påstå var eit verkeleg sjakktrekk. Få dagar etter at han kom ut av fengsel, ein alder av 18 år, vart han sjølv drepen på fotballbana der han har vokse opp. Dette skjedde som sagt i første veke, og sidan den tid har ytterlegare tre vorte drepane. To kvinner og ein mann, alle i tjueåra, alle på grunn av uoppgjort narkogjeld. Fire familiar rømte ei natt, fire familiar med fleire born, Fire av ungene høyrte til på prosjektet, og berre tanken gjer meg livredd. Tenk at dei skulle vere skyteskiver. Tenk at det finst folk som faktisk er i stand til å drepe dei. Det fordi foreldra deira enten har uteståande narkogjeld, har trekt seg

frå langarmiljøet, eller rett og slett har falle i unåde. Uansett kor mykje eg snur og vender på det blir det forferdeleg. Eg saknar dei rett og slett. Alle fire.

Narkotikabruken her nede er som sagt enorm, og etter ei rask hovudrekning fant eg ut at 15 av mine rundt 40 fantastiske ungar manglar enten far eller mor eller begge deler etter narkooppgjering. Tenk på den statistikken! Det er faktisk nesten likeeins som skilsmissestatistikken heime det. Annakvar unge har fått ein eller begge foreldre drept. Då skal det vere sagt at i slummen er det *langt* fleire ungar enn dei som får plass på prosjektet. Eg seier ikkje at det ikkje er traumatisk for ungar heime å oververe ei skilsmisse, men kva blir vel det i forhold til det å sjå eller vite at far har

blitt drepen.

Prostitusjonen her nede er også forferdeleg. Det er sjølv sagt ingen som vil tru meg heime, men så godt som alle jenter over 13 år prostituerar seg her nede i slummen. Det er i mine auge vanvittig. Eg reiste ned hit i den tru at slik kunne det aldeles ikkje vere, men etter ei veke visste eg dessverre at det var slik. Eg var sjølv bedt i selskap til ei som var 14 år, gravid etter prostitusjon og narkoman. Kan det eigentleg verte verre? Finns det håp, er vel det eg har spurt meg sjølv om kveldane. Og, er det eigentleg det? Eg har treft dei som har hatt tre ungar før dei er 20 år, eg har sett dei som har hatt ungflokkar på 10 til 13. Hjelp meg, verda er så absolutt på ville vegar! (*framhald neste veke*)



Matheus og Elina herjer. Brasilianske barn er også kilne.



Elina og Gisele, også ho på prosjektet.



Sarah, ei seks år gammel jente på prosjektet, og hovedgata i slummen der eg er.